



Vi har før kåra Bitten og Erik Mack frå Storetvedt i bergen til dei største Uskedalen-entusiastane. Her er dei fotografert i 2008, då dei var 75 og 87 år gamle. Dei har feriert her i båt i 30 år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen Utvikling skal denne sommaren gjennomføra ei spørjeundersøking om korleis båt- og feriegjestane som kjem til oss finn seg til rette her.

Undersøkinga startar 1. juli og då blir dei første spørjeskjemaene delt ut.

Den som svarar med namn vert med i trekkinga av eit årskort i Uskedalselva.



Tyskarane sviktar ikkje Rabben. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Undersøkinga er viktig for å få svar på kva gjestane våre likar og kva som kan forbetrast. Eit viktig spørsmål på skjemaet er difor 'Skriv kva du ynskjer annleis, meir av, forbetringar....'

Her er dei andre spørsmåla, alle har ulike alternativ:

- * Kvifor valde du Uskedalen som feriemål?
- * Brukar du Uskedalen som fast ferieplass eller er det meir tilfeldig?
- * Kor lang ferie har du i Uskedalen?
- * Kor kven du frå?
- * Kva ferie- og buform brukar du i Uskedalen?
- * Korleis vart du motteken der du bur eller har vore?
- * Kor nøgd er du med den informasjonen du har fått om Uskedalen?
- * Kva er ditt generelle inntrykk av toaletta, det sanitære og renovasjon?
- * Vil du koma attende til Uskedalen ved eit seinare høve?

Av Ola Matti Mathisen